

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 20.04.15

Vår ref. 441 /15/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

ADU-Ingeniør Atle D. Utkilen
Postboks 75
5952 Fonnes

E-mail
ingjerd@adu.no

LINDÅS, HILLESVÅG, OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSPLANARBEID.

Viser til Dykkar mail av 04.03.15, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfør/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.



Reguleringsplan Hillesvåg

Fiskarlaget Vest vil igjen bemerke at det er dårlig kartmateriell som ligg ved søknaden. Det MÅ sendast med eit oversiktskart som viser omsøkt område, slik at ein ikkje må leite seg fram.

Det er her søkt regulering for bustadområde i tilknyting til sjø. Det er ikkje omsøkt tiltak ut i sjø.

Fiskarlaget Vest viser til vedlagde kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert ein kaste-/låssettingsplass ved reguleringsområdet.

Ein vil vise til Havressurslova § 27 når det gjeld reglane for bruk av området når det står lås.

Om det blir gjeve løyve til bustadbygging så nære strandsona, og den registrerte kaste-/låssettingsplassen forutset ein at den fortsatt kan nyttast til fiskeriverksemd. Ein gjer merksam på at det til tider kan bli drive fiskeriaktivitet på nattestid i området.


Ein har elles ikkje merknader

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo
Britt Sæle Instebo


Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Lindås kommune
Fiskeridirektoratet region Vest

Lindås, Hillesvåg



Målestokk: 1:48 412

Lindås, Hillesvåg



Målestokk: 1:13 347